



## Notat

Dato: 13.07.2018  
Arkivsak: 2018/12911-2  
Saksbehandlar: eveaul

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Endringar i programområde - investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018

I samråd med Statens vegvesen har fylkesrådmannen gjort endringar i nokre av skred- og trafikksikringstiltaka som er prioritert i investeringsprogrammet for 2018. Endringane gjeld for tiltaka i Hovdatunnelen (Fv121, Fusa kommune) og Vangdalsbergtunnelen (Fv49, Kvam herad).

#### Hovdatunnelen – gjenbruk av lysarmatur og kabelstige

Hovdatunnelen er open for gåande og vert nytta som skuleveg. Fusa kommune har ønskt at det vert sett opp veglys i tunnelen. Tiltaket ligg inne i investeringsprogrammet for 2018 med 1,7 mill. kr, men detaljprosjekteringen viser at kostnadane vil vera høgare. Her har me fått moglegheita til gjenbruk av lysarmaturar og oppheng for kablar i tunneltaket frå Trodalstunnelen på E39. Dette utstyret er berre fem år gammalt, og vil gi ei innsparing på om lag 0,5 mill. kr., samanlikna med kjøp av nytt utstyr. Ei ulempe er at tiltaket då må utsettast til 2019, for å koordinerast med arbeidet i Trodalstunnelen. Fylkesrådmannen meiner likevel at gjenbruken samla sett er positivt, då kostar oss mindre pengar, samstundes som me slepp å kasta fullt ut brukbart utstyr i sørpelet. Med gjenbruk endar kostnadane i siste kalkyle på 2,14 mill. kr for tiltaket. Tiltaket må løvvast opp i 2019.

#### Vangdalsbergtunnelen – omgjering av tiltak

Det er løyvd 5 mill. kr. til skredsikring av gang- og sykkelvegen ved Vangdalsbergtunnelen, som er gamlevegen som går utanfor tunnelen. Denne er no stengd av ras. Tiltaket vert omgjort til eit tunnellsikringstiltak, då Statens vegvesen meiner tryggleiken til syklistane vert betre ivaretatt med tilrettelegging gjennom tunnelen. Det er tilkomsten til gang- og sykkelvegen som er vurdert som problematisk. Den ligg nære tunnelmunningane, og inneber ein risiko for påkøyrsel av syklistar. I tunnelen har tunnelbelysninga vorte utbetra tidlegare, og fartsgrensa sett ned til 60 km/t. Som supplerande tiltak er det sett på kvitkalking av tunnelveggane, fjerning av tunnelmarkørane og tilgjengeleggjering av vegskuldra for dei mjuke trafikantane. Det vil vera sett opp ei sykkelknapp-løysing i tunnelen, som vert skildra slik i fagnotat vedlagt:

«Sykkelknappen» er eit opplegg der syklistane sjølv aktiverer eit skiltanlegg der fareskilt nr. 144 «Syklistar» vert aktivert med oransje blinkande lys, ev. i kombinasjon med ei dynamisk fartsgrense der fartsgrense 80 km/t vert senka til 60 km/t. Anlegget går i ei tidssløyfe som vert stilt inn etter tunnellengda.

Fylkesrådmannen er positiv til omgjeringa av tiltaket i Vangdalsbergtunnelen, og vil trekka fram sykkelknapp som eit lovande trafikksikringstiltak som framleis må seiast å vera eit relativt nytt tiltak på fylkesvegnettet i

Hordaland. Ny løysing gjennom tunnelen er vurdert som tryggare, og er i tillegg rimelegare. Det vil gå med om lag 1 mill. kr. til tilretteleggingstiltak i tunnelen, mot dei 5 mill. kr. som er løyvd til rassikring.

#### **Andre tiltak**

I vedlagte fagnotat frå Statens vegvesen gir dei ei oppdatering om eit utbetringstiltak på Fv49 ved Vikøy, og fartsdempande tiltak på Fv48 Gjermundshamn og Fv49 Vikøy. For førstnemnte tiltak er tilbakemeldinga at ønskt fortlausutbetring krev planarbeid og då ikkje kan gjerast som strakstiltak, men at kryssutbetrิงa vil la seg gjennomføra som planlagt.

Dei fartsdempande tiltaka på Fv48 og Fv49 vart bygd i 2016, men treng utbetring. Ved Vikøy vart det lagt ned fartsputer, men løysinga kan verta betre. Statens vegvesen meldar at nokre trafikantar kører over i motgåande køyrefelt for å unngå fartputa. Ved Gjermundshamn held somme køyretøy høg fart for å rekka ferja. Her meiner ein at det er eit behov for å gjera noko med plasseringa av fartsdemping med kryssing. Førerebels kalkyle for begge tiltaka ligg på i underkant av 1 mill. kr. Tiltaka er aktuelle for 2019, så framt dei vert prioritert gjennom handsaminga av investeringsprogrammet.

#### **Mindreforbruk**

Endringane inneber eit mindreforbruk på fylkesvegbudsjettet. Det vert arbeidd med å finna aktuelle tiltak for disponering av mindreforbruket.

#### **Tiltak til neste år**

I samband med handsaminga av investeringsprogrammet vil fylkesrådmannen koma attende til programområdetiltaka i 2019.